


# ÅRSPLAN FOR 2019 - SJØMATNÆRINGANE



Figuren over syner organiseringa av satsinga på Sjømatnæringane som er eitt av satsingsområda i Verdiskapingsplanen.

I program Rekruttering og kompetanse i sjømatnæringane vart fondet MAREKO (Marin Rekrutterings og kompetansehevingsfond) etablert i 2017. Innretninga til fondet er slik at programstyret må gjennomføre ein søknadsprosess og gjennom politisk handsaming før ein kan få finansierte tiltak i fondet. Dette fører til at handlingsplanen for Rekruttering og kompetanse no er svært forenkla og at vi her berre skisserer retning og mål for arbeidet.

**Overordna mål for sjømatnæringane:** Auke verdiskapinga og tal arbeidsplassar i sjømatnæringane

## PROGRAM 1: KOMPETANSE OG REKRUTTERING I SJØMATNÆRINGANE

**Programmål:** Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringane

**Delprogram 1.1** Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane

**Mål 1:** Vidareutvikle eit attraktivt opplæringstilbod for akvakultur ved Måløy vgs. gjennom:

- Å tiltrekke fleire søkjarar til marin opplæring
- Vidareutvikle innhaldet i undervisningstilbodet, særleg med tanke på involvering av næringslivet og FoU-aktørar
- Bidra til å få på plass eigna undervisningsfasilitetar i akvakultur ved Måløy vgs.
- Bidra til å gjere den nye skulebåt til eit godt stad å lære ny kunnskap

**Mål 2:** Undersøke moglegheit for å gjere det lettare å rekruttere ungdom til fiskeria gjennom å utvikle gode finansieringsordningar for ungdom som vil inn i fiskerinæringa.

**Delprogram 1.2** Bidra til å utvikle marine kompetansesentra i fylket

**Mål 3:** Bidra til å utvikle marine og maritime kompetansesenter i Sogn og Fjordane gjennom å stå opp om pågåande initiativ

## VEDLEGG

Under er det lista konkrete mål sett i Verdiskapingsplanen for arbeidet med Rekruttering og kompetanseheving.

### Programmål: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringane

Måleindikator Program mål 1	2012	2017	2021	2025	Endring 2012-25	Målepkt.
Tal søkjarar Naturbruksfag (Vg 1)	13	20	35	40	auke 27 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Akvakultur (Vg 2)	3	10	15	18	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Fiske og fangst (Vg 2)	5	10	15	20	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Naturbruk YSK 4 år -År 1	0	7	15	15	auke 15 søkjarar	årleg
Tal søkjarar Akvakultur YSK 4 år- År 2	0	5	12	15	auke 15 søkjarar	årleg
Tal opplæringsplassar Naturbruk (Vg 1)	12	18	24	36	auke 24 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Akvakultur (Vg 2)	6	6	12	12	auke 6 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Fiske og fangst (Vg 2)	6	6	12	18	auke 12 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Naturbruk YSK 4 år	0	4	8	12	auke 12 plassar	årleg
Tal opplæringsplassar Akvakultur YSK 4 år	0	4	8	12	auke 12 plassar	årleg
% av total nasj. fangst som kjem frå Sogn og Fj.	35 %	35 %	35 %	35 %	uendra	årleg
Relativ del yngre hovudfiskarar <30 år	21 %	22 %	23 %	25 %	5 %	årleg